

Jobbnorge-ID: 161613

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Seniorkonsulent - studierettleiar

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er det ledig ei fast 100% stilling som seniorkonsulent, studierettleiar ved Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap

Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap har om lag 270 tilsette og om lag 3200 studentar. Fakultetet har eit breitt utdanningstilbod både på bachelor og masternivå innan ingeniør- og naturfag, samt PhD-utdanning innan datateknologi. Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling forskar på innovasjon og tilbyr masterutdanning innan innovasjon og entreprenørskap. Dykkarutdanninga tilbyr eittårig fagskuleutdanning. Hovuddelen av fakultetets verksemd er i Haugesund, Bergen, Sogndal og Førde, men vi tilbyr også desentralisert utdanning i Florø, Kristiansund og på Stord. Fakultetets verksemd er internasjonalt forankra og skjer i tett samarbeid med regionale bedrifter, klynger, helseføretak og offentleg sektor, inkludert andre institusjonar i universitets- og høgskulesektoren. Dette gjeld både forskning, utvikling, innovasjon og ikkje minst utdanning med studentprosjekt på alle nivå.

Fakultetsadministrasjonen, som er leia av administrasjonssjef, skal gje støtte til leiarar og administrativ og fagleg aktivitet i fakultetet i samarbeid med dei fellesadministrative tenestene innan HR, økonomi, studieadministrasjon og forskningsadministrasjon. Administrasjonssjef sit i leiargruppa til dekan saman med instituttleiarane, prodekanar med strategisk ansvar for høvesvis forskning, utdanning og innovasjon.

Om stillinga

Studierettleiaren er ansvarleg for studierettleiing og administrativ fagleg oppfølging av studentsaker og bidra til god samhandling internt i fakultetet og med relevante einingar i fellesadministrasjonen. Studierettleiaren vil og ha ansvar for å legge til rette for samarbeid på tvers av campuser innanfor fagområdet.

Arbeidsplassen er i Bergen.

Ansvars- og arbeidsområde

- Sakshandsaming i studentsaker
- Støtte til utdanningsleiing
- Årleg studieplanarbeid: kvalitetssikre studieprogram- og emneskildringar og rettleie fagmiljøa i bruk av EpN
- Oppfølging av utdanningsplanar på individnivå i samarbeid med utdanningsleiing
- Administrative oppgåver i samband med utvikling og planlegging av studie- og emneplanar for bachelor-, master- og ph.d.-nivå
- Administrative formidlingsoppgåver knytt til studieprogramma
- Utarbeide rapportar, analyser og utgreiingar til leiing og interne utval i fakulteta

Kvalifikasjonskrav

Til stillinga vert det stilt krav om høgare utdanning på minst bachelornivå, fortrinnsvis master. I tillegg vert det stilt krav om administrativ erfaring og spesialkompetanse på høgt nivå tilpassa funksjonane i stillinga. Relevant erfaring/realkompetanse kan kompensere for utdanning.

Vi søker en engasjert person med gode samarbeids- og koordineringsevner, god administrativ IT-kompetanse og erfaring med fellessystem høgskulen bruker. Den vi søker må ha god framstillingsevne munnleg og skriftleg, både norsk og engelskkunnskapar. Studierettleiar må evne å arbeide sjølvstendig og analytisk, kunne ta initiativ og ha god sørvinnstilling. Det er ein fordel at studierettleiaren har kjennskap til faga og utdanninga man skal arbeide med.

Vi tilbyr

Stillinga som seniorkonsulent er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1363 - seniorkonsulent. Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Fleksitid jfr. Særavtale om fleksibel arbeidstid i staten
- Moglegheit for trening i arbeidstida

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurdert ut frå den informasjon som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, herunder attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller annen dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsettingar. Dersom vedlegga overskrider 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggst ved som lenke.

Søknader kan ikkje sendes på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

Generell informasjon

Vi gjer merksam på at jfr. ny offentlegheitslov kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følgje.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønssamansetning, rekruttere personer med minoritetsbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA-verksemd.

[Heimeside](#)

Kontaktperson ved Høgskulen på Vestlandet er:

Administrasjonssjef Henning Norheim, telefon [+47 55 58 76 72](tel:+4755587672), mobil 99 03 67 03

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: